



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

MØTEBOK
Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Stad: Jondal hotell, Jondal

Den 30.05.13

Kl. 09.30-14.30

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Karoline Hauge Stalheim
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Sjur S Gravning
Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Otto Galtung
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik
Granvin herad:	Ungdomsarbeider Siri Stuve
Hardangerrådet:	Konsulent Therese Wettler
Jondal Kommune:	Aktivitetshelgkoordinator Anne Karin Stormyr

Meldt frå fall:

Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Aleksander Kalsaas
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Emil Tomasgard

Ikkje meldt frå fall:

Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Andreas Kråkevik
-------------------	-----------------------------------

Agenda:

- 10.00 Presentasjon av aktivitetshelg- koordinator Anne Karin Stormyr og orientering
- 11.00 Planlegging av aktivitetshelg
- 12.30 Lunsj
- 13.15 Planlegging av aktivitetshelg

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Til sakshandsaming i ungdomsrådet:

HU-Sak 11/13 Presentasjon av ein skilde kommunar sine saker

Ulvik: Det er fokus på å finna lokale til ein ny ungdomsklubb. Dei fortset arbeidet med å laga ein paintball bane. Dei skal eventuelt ha eit møte til før sommaren.

Eidfjord: Ungdomsrådet har hatt sitt siste møte før sommaren. Rådet har teikna eit forslag til forandring av området foran Gamleskulen.

Jondal: Ungdomsrådet skal har møte ikveld (30.05.13). Dei skal då sjå på reguleringsplanen for kaien. Dei skal også ha aktivitetshelg som tema.

Granvin: I Granvin har ungdomsrådet stort ansvar for drifta av UFO (Ungdomens fritids ordning). Det er cirka 20 besøkande per gang. Ungdomsrådet vil laga til ein sommarfest.

Orientering

- **Flytt til Hardanger**

Karoline og Otto var i Bergen 25. april på flytt til Hardanger kveld. Aleksander og nokon fleire frå Granvin Ungdomsråd var også der og viste ein Power Point presentasjon om sitt ungdomsråds arbeid. Otto og Karoline meinte at det vart eit bra event, interessant og lærerikt, og håper det vert fleire slike. Dei prøvde og å finna fleira sponsorar til aktivitetshelga.

- **Voss ungdomsråd**

Dei skal arrangera aktivitetsdag. Otto var på møtet deira og orienterte om HU si aktivitetshelg.

- **Aktivitetshelg**

Presentasjon av Anne Karin Stormyr som er aktivitetshelg-koordinator frå Jondal kommune. Anne Karin har vore kontor i Jondal kyrkje i mange år og arbeider på kulturskulen og med Hardangerkoret.

Vaktar til aktivitetshelg

Anne Karin har hatt ein ringerunde til alle leiarane i ungdomsråda om vaktar. Jondal, Kvam og Eidfjord har nesten alle vaktar på plass. Ullensvang har 4 vaktar og resten skal fiksa seg. Odda hadde ikkje begynt arbeidet, Ulvik meiner det kan bli vanskelig å finna vaktar pga få påmeldingar derifrå og at Eidfjord Cup er same helg.



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Foreldra til dei som her meldt seg på skal få ein mail med forespørsel om dei kan stilla som vaktar. Fonnafest sitt vaktbrev kan brukast.

Lill frå Fonnafest skal ha vaktmøte onsdag 5. juni kl. 14.00 med sitt team. Då skal dei ringa rundt til potensielle vaktar. Det kan skje at dei får overskot av vaktar som kan hjelpa til på aktivitetshelga.

Fonnafest skal ha ein vakttelefon. Den som er vaksjef til ei kvar tid skal ha denne.

Aktivitetar

Paintball

Anna Karin har vore på synfaring for paintball. Sjå vedlagt referat! Det er 35 ungdommar som har meldt seg på paintball, maks antal vart sett til 30. Mogelegheita for å melda seg på paintball er teken vekk frå påmeldingsskjema. Anne Karin skal sjekka om disse 5 ekstra og får vera med.

Kokkekurs

Sidan Jorunn Pile ikkje er tilgjengeleg, så skal desse alternativa undersøkjast: Hanne Frostad og Sigrid Helleve Hansen. Me kan gje maks kr 500,- i timen til instruktøren.

Me skal venta med å prøva å få sponning på for eksempel laks til kurset før me har instruktør. Siri foreslår at me kan ha tema sunn mat og kopping til flytt på hybel.

Fotokurs

Jondal fotoklubb vert nemnt som eit alternativ.

Strikkløp

Fonnafest og HU skal bestilla strikkløp til Fonnafestområda. Det kostar cirka kr. 6.500,- , og me skal dela på kostnaden.

Påmeldingar

Det er sirka 50 påmeldte, inklusive HU, til aktivitetshelga. Anne Karin skal ordna Excelfilen utifrå kva aktivitet dei påmeldte skal vera med på og frå kva kommune dei kjem frå.

Fristen for påmelding er flytta fram til 10. juni.



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Informasjon til dei som har meldt seg på

Det skal verta sendt eit informasjonsbrev til dei som har meldt seg på aktivitetshelga. I det skal det stå:

- Informasjon om bussar.
- Program for helga
- Informasjon om losji
- Pakkelista
- Cirka kor mange som er påmeldte.
- Meny for helga
- Generell informasjon om alle aktivitetar.
- Kontaktinformasjon til ansvarlige, nummer til vakttelefon
- Kart over Jondal
- Informasjon om at dei må ta med kontantar

Skrivet skal lagas av Anne Karin og Therese og vert sendt ut gjennom Hardangerrådet den 12. juni.

Marknadsføring

Ungdomsråda skal informere på skulane om aktivitetshelg i løpet av neste veke (2.-6. juni). Dei skal og setta opp plakatane. Magnus skal minna på om dette på Facebook og legga ved infoskrivet.

T-shirt

Øyvind fortalde at Fonnafest har bestilt T-skjortor til crewet deira. HU ska bruka dei T-skjortene me har frå tidlegare.

Dei som er vaktar får vestar.

ID-kort

Det skal bestillast ID-kort til vaktar og frivillige. På dette skal nummer til politi, ambulanse og brannvesen stå, samt nummeret til vakttelefonen.

Armband

Det skal bestillast armband for deltakare på aktivitetshelg. Minimum 4 h for å få gratis.



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Pressemelding

Therese skal senda ut pressemelding til lokalmedia.

Banner

Therese skal bestilla HU-banner.

Mat

Anne Karin har henta in tilbod på mat.

Mat på Aktivitetshelga:

Fredag: BBQ for ein kostnad av 110,- per person. I prisen er alt inkluder og kokken, Branjo, tar med det som trengs for servering.

Frukost: Vaktar tar fram.

Laurdag: Tacomiddag. Vaktar lagar mat.

Frukost: Vaktar tar fram.

Sundag: Graut og spekemat. Vaktar lagar mat.

Trude er ansvarlig for bestillingar.

Det skal finnas frukt, grønsaker og Tine- produkt tilgjengelig for deltakarane heile helga.

Sponsing

Øyvind spør om me kan dela med oss av sponsinga frå Tine og Bama til Fonnafest. Dette må sjekkast opp.

Karoline skal sjekkar med Lill (Fonnafest) om sponsing frå Isklar.

Kjøreskiema

Granvin og Ullensvang ungdomsråd har sagt at dei skal koma til Jondal på fredag (21.06.13) ettermiddag. Otto og Karoline (eventuelt Sjur og) kjem på fredag ettermiddag.

Karoline og Otto er ansvarlege for å gje deltakarane informasjon under heile helga.



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Granvin ungdomsråd kan eventuelt saman med eit anna ungdomsråd vera ansvarlige for bli- kjent leikar på fredagen. Forslag på leikar er, henteleiken og quiz om kommunane (alle ungdomsråd lagar fire spørsmål om kvar kommune).

Deltakarane skal sjølve få velja kva hus dei vil sova i, viktig at det vert notert på lista. Dei frå Jondal kan reisa heim å sova.

Oppgåver for HU (inklusive dei frå deira ungdomsråd) på laurdag:

Magnus: kokkekurs

Aleksander: paintball

Sjur: ski på Fonna

Emil: fotokurs?

Andreas:?

Karoline: Forberede middag

Ymse

Det vart diskutert om, og alle ungdomskontaktar skal bli invitert på HU sitt konstituerande møtet og at det skal lagas ei Facebook gruppa der alle i ungdomsråda er med.

Møteboka 30.05.2013 i Hardanger Ungdomsråd er godkjent og signert av:

Ungdomsrådsleiar

Ungdomsrådsleiar



Hardanger

AKTIVITETSHELGA 2013



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

PAINTBALL

Det er ok for grunneigar Johannes Øvrehus og paktar Ivar Kvåle at Fjøringen vert brukt til paintball-aktiviteten 22/6. Ivar kjem til å slå marka der før ho skal brukast. Men vi må avvente klarering frå Hardanger Energi AS:

2013.05.24, kl. 12 Synfaring på Fjøringen

v/Anne Karin og Hogne (Odda Paintballklubb-91618657):

Hogne ser for seg ein bane ca 40 m lang, ca frå epletre nr 5☺ og 40 m innover mot fossen. Breidda vert tvers over marka til 1m frå kant motsett side. Vi treng 6 pålar, 3 på kvar side med 20m mellomrom.

AKS tok kontakt med Håkon Sandven- Jondal Stål- som var positiv til å låne ut 6 stålstenger, 168mm tjukke- 10m høge. Så vart Hogne obs på at ei høgspenlinje kryssar banen, og stål og straum kan vere farleg kombinasjon. AKS kontakta Ivar som, når han vart gjort merksam på linja, kunne opplyse at opp mot høgspenlinje er der ein 6 meters regel frå alle sider. Og dersom ein skal gjere noko nærmare ein høgspen enn 30 m, må ein ha godkjenning frå linjeansvarleg.

2013.05.24, kl. 12.45 Møte med Hardanger Energi på el.verk kontoret i Jondal

v/Jon Birger Stavenes (Hardanger Energi AS), Anne Karin og Hogne

Til tross for travel arbeidsdag, rydda Jon Birger plass for eit straksmøte med oss på kontoret. Han fann fram linjekart, og rekna på at 5m trepålar eventuelt skal kunne brukast, då vi med 4m påle over bakken vil vere utanfor 6m grensa. Han sa at elverket stiller seg veldig positiv til ungdomsaktivitet og at dei kunne kappe 6 stk. 5meters pålar (viss dei hadde). Arbeid under høgspen skal overvakast av nettselskapet. El-verket har ei lita gravemaskin som vi kanskje får låne. Dersom vi får løyve, må pålane setjast opp seinast torsdag, og til jobben er det greit å ha 3 mann, minigravemaskin, og at pålane vert frakta bort med traktor. Jon Birger tok kontakt med overordna i **Hardanger Energi** for å **klarere om det kan godkjennast midlertidig aktivitet under høgspenten. Det er antyda at vi skal få svar 28-29/5.**

Etter møta

-meldte vi Håkon Sandven at han kunne sjå bort frå førespurnaden om stål stolpane og takka for positiv hjelp.

-Hogne sjekka ut kva nett som er aktuelt no: Vi treng 2 nettrullar på 3m x 100m, kostnad på dette er kr. 4980,- (2490 x 2). Han får kontakt med nettleverandøren på måndag.

-Hogne meinte vi kan gjere ein avtale med paintballklubben om at dei overtek nettet etter aktivitetshelga.

Ref. Anne Karin Stormyr-
2013.05.25